

Utval KULTUR-OG FRITIDSUTVALET		Formannskapet		Kommunestyret	
Sak nr.		Sak nr. 91SAK105.LBK/FKFORMSK		Sak nr. 91SAK068.LBK/FKKOMMST	
Møtedato 29.08.91	Tidl. sak nr.	Møtedato 17.09.91	Tidl. sak nr.	Møtedato 09.10.91	Tidl. sak nr.

KOMMUNEVÅPEN

Dokument i saka:

Vedlegg:

Arkivnummer: 001

Kontonummer:

Sakshandsamar: Liv Blørstad Kiland

Kommunestyret vedtok i møte 10.05.90, sak 34/90, å starte arbeidet som skal føre fram til kommunevåpen for Fyresdal.

Kultur- og fritidsutvalet og kultursekretæren fekk ansvar for det praktiske arbeidet med saka.

Kultur- og fritidsutvalet lyste i juni -90 ut til konkurranse om utforming av kommunevåpen med frist 01.09.90.

Det kom inn i alt 47 framlegg til kommunevåpen. Framlegga blei sende til Riksarkivet for fråsegn.

Fråsegna frå Riksarkivet konkluderte med at det var 7 av motiva det var mogleg å velje mellom til kommunevåpen for Fyresdal.

Det var ulike grunnar til at dette talet blei så lågt; Fyresdal er ein av dei siste kommunane i landet som vel våpen, mange av motiva var difor nytta eller reserverte, og fleire av framlegga var av ymse årsakar ikkje heraldisk brukande.

Mellom dei opptekne motiva var hest (framlegg på Skei-fole) og furukongle.

Motiv som ikkje er heraldisk brukande er m.a. runestein og runeteikn (fleire framlegg på Skei-stenen). Enkelt sagt må eit heraldisk motiv vere generelt og kunne definerast eintydig slik at ein heraldisk kyndig teiknar kan teikne eit korrekt våpen ut frå definisjonen åleine.

Motivet må også teiknast i flatestil utan indre strekar. Runeteikn er ikkje mogleg av di heraldikken i mellomalderen hadde ikkje teikn som bokstavar eller runer som motiv, og dette er heller ikkje teke opp i nyare kommunal heraldikk.

Kultur- og fritidsutvalet valde å be Riksarkivet reservere motiva to økser og liljehaspel for nærare arbeid.

Etter fleire kontaktar med Riksarkivet valde kultur- og fritidsutvalet å konsentrere seg om motivet to økser. Etter råd frå Riksarkivet vende ein seg til ein profesjonell teiknar med røynsle i utforming av kommunevåpen, for utforming fram til eit framlegg som kan godkjennast etter utteikning.

Halvor Holtskog jr. & Co. Designstudio har no i samråd med kultursekretæren og Riksarkivet arbeidd fram framlegg der det endelege resultatet skal kunne godkjennast av Kongen i statsråd.

Motivet, to skråstilte økser i sylv på grøn botn, krenkjer ikkje andre motiveigarar og knyter seg godt til Fyresdal som skog- og jordbrukskommune. Motivet har også eit aktivt og kraftfullt uttrykk, og valet av den gamle økseforma bile knyter trådane til fortida.

Sign.

Utskrift sendt til:

Utvalg KULTUR-OG FRITIDSUTVALET		Formannskapet		Kommunestyret	
Sak nr.		Sak nr. 91SAK105.LBK/FKFORMSK		Sak nr. 91SAK068.LBK/FKKOMMST	
Møtedato 29.08.91	Tidl. sak nr.	Møtedato 17.09.91	Tidl. sak nr.	Møtedato 09.10.91	Tidl. sak nr.

Framlegget blir lagt fram til drøfting.

INNSTILLING FRÅ KULTUR-OG FRITIDSUTVALET:

Fyresdal kommune vel to skråstilte økser i sylv på grøn botn til motiv i kommunevåpen.
Arbeidet med ferdigstilling av kommunevåpen blir i tråd med kommunestyresak 34/90.

TILRÅDING FRÅ FORMANNSKAPET:

I Samsvar med innstilling frå Kultur- og fritidsutvalet.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET:

Samrøystes som innstilling frå Kultur- og fritidsutvalet.

Sign.

Utskrift sendt til:

Kulturkontoret